

TELT-TUR, torsdag 2.juni-fredag 3.juni!



Torsdag 2.juni tek elevane i 5.-7.trinn ein tur til Helland (på «Kløve»), og skal setja opp telt og overnatta ute, rundt huset til Linn.

Dette er bl.a ein del av undervisninga i sosial kompetanse/klasse miljø-arbeid, naturfag, kroppsøvningsfaget og mat og helse.

Me køyrer frå skulen klokka 18.00 *Elevane vert skyssa i privat-bilar*

(Linn og Birte frå skulen -og foreldre-skyss).

Telt-turen vert organisert på følgjande måte:

Elevane møter på skulen, torsdag 2.juni kl.18.00, og køyrer i privatbilar til telt-plassen.

Her vert elevane utfordra på å organisera/samarbeida omkring rigging av telt/lavoar, aktivitetar og grilling på bålpanner.

Retur frå Helland, fredag 3.juni («Kløve») og heim skjer på

følgjande måte:

Mellom kl.08.00-09.00: Eta frukos ilag, rydda alt overnattingsutstyr og telt-plassen. Alle elevane vert køyrte heim, og fredag vert då fridag for elevane.

Elevane vert skyssa heim i privat-bilar (Linn og Birte + foreldre-skyss).

Utstyr som elevane tek med:

- Alle elevane må tenkja/planleggja kva utstyr dei treng til overnattinga, jfr. Læringsmåla i kroppsøvingsfaget kunna planleggja pakking av tursekk og utstyr for å kunna overnatta ute.
; (sovepose, liggjeunderlag , handduk og liknande og kle som passar til veret).



Gutar og jenter ligg i kvar sine telt/lavoar.



Me får nytta toalett hos Linn!


Utstyr som skulen tek med;

Telefonliste m/foreldre-nr, førstehjelps-utstyr, ekstra drikke til utdeling, drikkebeget, grillmat til kvelden og mat/drikke til frukost neste morgon.

Forventningar til alle som deltek på turen;

- Respektfull og venleg framferd overfor kvarandre
- Visa god atferd i naturen
- Oppmuntra medelevar til å gjera sitt beste, kunna samarbeida og visa omsorg for kvarandre.

Me håpar på *ein kjekk og hyggjeleg overnattingstur ute i «det fri»!*



-og sjølvsagt **GODT VER!!!**

Ring på skulen dersom de lurar på noko.

Helsing Linn (mobilnr.41324156) og Birte (mobilnr. 99159098).